



Møtebok for Formannskapet

Møtedato: 01.06.2016
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: 09.00 - 13.55

Møtet vart styrt av ordførar Øyvind H. Oddekalv.

Medlemmene var innkalla i skriv dat. 24. mai 2016 og møtet var kunngjort i pressa 10.05.16.

I starten av møtet orienterte regionrådsleiar Rune Heradstveit om helsehusprosjektet.

Kyrkjeverje Anne Sofie Uthaug og Berit Nøst Dale orienterte om arbeidet i Meland kyrkjelyd.

Nils Marton Aadland hadde meldt forfall, men ved ein feil vart dette ikkje registrert.
Mabel Johansen vart kalla inn og møtte kl. 09:50.

Av 7 medlemmer var 7 til stades ved handsaming av sak 54 – 62.

Formannskapet hadde pause frå kl. 11:00 - 11:05 og frå kl. 11:25 - 11:45.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Øyvind Oddekalv	AP	Ordførar
Anne Grete Eide	AP	Medlem
Sigmund Larsen	FrP	Medlem
Per Kristian Holmetun	SP	Medlem
Marit Samnøy Jøssang	KRF	Medlem
Silje Ingelin Sæterstøl	V	Medlem
Mabel Johansen	H	Varamedlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Nils Marton Aadland	H

Desse møtte frå administrasjonen: : Rådmann Ingvild Hjelmtveit, personal- og organisasjonssjef Kari Anne Iversen, sektorsjef teknisk Anny Bastesen og økonomisjef Per Inge Olsen.

Protokollførar: Randi Hilland

2. juni 2016

Øyvind H. Oddekalv
ordfører

Randi Hilland
konsulent

Sakliste

Saknr	Tittel
54/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste
55/2016	Godkjenning av møtebok
56/2016	Referatsaker
57/2016	Aktuelle saker
58/2016	Orientering av rådmannen
59/2016	Orientering om status kommunestruktur
60/2016	Økonomiplan 2017 - 2020 - drøftingssak
61/2016	Kommunal tiltakspakke
62/2016	Trafikkplan for Nordhordland - drøftingsak

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		16/1364

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
54/2016	Formannskapet	PS	01.06.2016

Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

"Innkalling og sakliste vert godkjent."

Formannskapet - 54/2016

FS - behandling:

FS - vedtak:

"Innkalling og sakliste vert godkjent."

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		16/1364

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
55/2016	Formannskapet	PS	01.06.2016

Godkjenning av møtebok frå møte 18.05.16

Framlegg til vedtak:

"Møtebok frå møte 18.05.16 vert godkjent."

Formannskapet - 55/2016

FS - behandling:

FS - vedtak:

"Møtebok frå møte 18.05.16 vert godkjent."

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland		16/1364

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
56/2016	Formannskapet	PS	01.06.2016

Referatsaker

Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
56/2016.1	Nasjonal transportplan 2018-2029 – innspel / prioriteringar frå Regionrådet i Nordhordland
56/2016.2	Årsmelding for Meland Kyrkjelyd 2015
56/2016.3	Årsrekneskap 2015 Meland Sokn
56/2016.4	Kopi av skriv sendt Hordaland fylkeskommune - Innspel til Nasjonal transportplan 2018 - 2029
56/2016.5	Kopi av skriv sendt Hordaland fylkeskommune - Innspel til Nasjonal Transportplan 2018-2029 fra Bergensalliansen
56/2016.6	Skulebruksplan 2017-2030 - Skule- og tilbudsstruktur for framtida - høyringsforslag. Rullering av skulebruksplanen 2012 - 2025

Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering.

Formannskapet - 56/2016

FS - behandling:

Skriv frå Utdanningsforbundet vart delt ut i møtet.

Følgjande skriv vart refererte:

Skriv nr. 6 - Arbeid i gang med uttale.

Formannskapet gir ordførar og varaordførar fullmakt til å utarbeide ein uttale på vegne av Meland kommune.

Skriv 1, 4 og 5 - Nyborgtunnelen er teke med i alle innspela.

FS - vedtak:

"Meldingane vert tekne til orientering."

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Øyvind Oddekalv		16/1364

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
57/2016	Formannskapet	PS	01.06.2016

Aktuelle saker

Formannskapet - 57/2016

FS - behandling:

Følgjande saker vart tekne opp:

- I møte 18.05. vart det stilt spørsmål korleis Radøy hadde finansiert breibandutbygging i heile kommunen.
Ordførar orienterte: Radøy kommune har fått tildeling av midlar 2 gonger - har jobba godt og systematisk over tid.
Formannskapet ber administrasjonen om å ta kontakt med Radøy kommune for meir informasjon.
- Formannskapet må velje nemnd for m.a. lønsforhandling rådmann.
Ordførar, varaordførar og Silje Ingelin Sæterstøl vart samrøystes vald.
- Brev frå Fylkesmannen om at dei gjev klarsignal for utfylling i sjø ved Gudmundsholmen.
- Ekstraordinær generalforsamling i MAKS-NIS AS. Selskapet har fått nytt namn, Gløde AS.

Sigmund Larsen:

- På Holme v/Waldebygg står det ein 2000 l tank med LNG (flytande naturgass). Er det godkjenning på dette?
- Møte om sentrumsareal (kyrkjetomt) utsett.
- Styremøte i Sambandet Vest 19. mai.
Oppretta ei heimeside.
Arbeid i gang med å få inn Sambandet Vest i RTP.

Per Kristian Holmetun:

- Status ladestasjon og amfi mellom sportsbutikk og Remabygg.
Administrasjonen orienterte.

FS - vedtak:

"Formannskapet tek orienteringane til vitande."

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ingvild Hjelmtveit		16/1364

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
58/2016	Formannskapet	PS	01.06.2016

Orientering av rådmannen

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Formannskapet - 58/2016

FS - behandling:

Det vart orientert om følgjande:

Sektorsjef teknisk Anny Bastesen:

- Invitasjon frå Fylkesmannen om å søkje tilskot til tettstadutvikling - kort frist. Kommunen vil lage detaljplan for Frekhaug senter.
- Invitasjon om tilskot til klimasatsing (klimavenleg utbygging) - Midtmarka aktuell.
- Fått skjønsmidlar på 400 000 kr frå Fylkesmannen til aksen Frekhaug-Flatøy-Knarvik.
- Kan og søkje om midlar til næringsutvikling - per dato ikkje kapasitet til det.
- Manglar kapasitet på private planar - vanskeleg å få kvalifiserte søkjarar til denne oppgåva.

Rådmann:

- Næringsrådgjevar tilsett - håp om at vedk. er på plass medio august.

Personal og organisasjonssjef:

- Banklokalet er no utleigd til TSS Bergen AS. 5 års kontrakt med opsjon på nye 5 år. Opnar 1. oktober.

FS - vedtak:

"Formannskapet tek orienteringane til vitande."

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ingvild Hjelmtveit		16/1364

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
59/2016	Formannskapet	PS	01.06.2016

Orientering om status kommunestruktur

Formannskapet - 59/2016

FS - behandling:

Ordførar orienterte:

- Forhandlingsutvalet har hatt eit møte - nytt møte torsdag 2. juni.
God dialog mellom kommunane.

FS - vedtak:

"Formannskapet tek orienteringane til vitande. "

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Per Inge Olsen		16/1375

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
60/2016	Formannskapet	PS	01.06.2016

Økonomiplan 2017 - 2020 - drøftings sak

Vedlegg:

Skriv 23.05.2016 Fylkesmannen - om revNB16

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Økonomiplan for kommande 4-årsperiode har dei siste 2 åra vore handsama i juni-møtet i kommunestyret. Dette for å gje rammer og prioriteringar til budsjettarbeidet på hausten. Rådmannen har opplevd dette som ein god og fornuftig prosess. Også i år var intensjonen å leggje fram sak om økonomiplan på formannskapsmøtet 1. juni med tanke på handsaming i kommunestyret 15. juni.

Rådmannen planla også i år for ein god prosess på økonomiplanarbeidet. Dette begynte med møte med alle tenesteområdeleiarane i april og arbeid med prioritering av tiltak og vurdering av status og utfordringar innanfor kvart tenesteområde. Vi har likevel ikkje klart å kome i mål med eit framlegg til økonomiplan som vi kan leggje fram til politisk handsaming.

Det som har vore vanskeleg er å fastsette eit korrekt inntektsnivå og dermed rammer til fordeling mellom tenesteområda. Dette skuldast usikkert knytt til nytt inntektssystem, og kva som vert korrekt inntektsnivå ut frå dette. Forventa reduksjon i inntektene framover vil krevje at vi må vere meir tydelege på korleis vi skal prioritere innanfor det som så lagt ser ut til å verte rammer for drifta i 2017 som vert lågare enn rammene for inneverande budsjettår. Rådmann har og trong for å forankre dei tiltak og prioriteringar som vi vil gjere framlegg om på ein betre måte i organisasjonen før saka vert teken opp til politisk handsaming.

Rådmann vil difor utsette handsaming av økonomiplanen for 2017-2020 til formannskapsmøtet 31. august og kommunestyremøtet 21. september 2016.

I formannskapsmøtet 1. juni vil rådmannen legge fram til drøfting dei vurderingar ein så langt har gjort når det gjeld inntektsnivå, framlegg til rammer og konsekvensar av desse for den kommunale drifta. Formannskapet vert med det inviterte til å gje tilbakemelding og styringssignal til korleis kommunen bør prioritere innanfor det som vi ventar vert trange økonomiske rammer for 2017-budsjettet spesielt, men og i dei etterfølgjande budsjettår.

Vi legg ved Fylkesmannen si oppsummering av revidert nasjonalbudsjett / Kommuneproposisjonen for 2017 som vart framlagt 13. mai.

Framlegg til vedtak:

Formannskapet tek rådmannen sin orientering om økonomiplanen for 2017 – 2020 til orientering.

Formannskapet - 60/2016

FS - behandling:

Rådmann orienterte om at økonomiplan for 2017-2020 vert lagt fram etter ferien.

Økonomisjef orienterte.

Rådmann orienterte om omstillingsbehov.

FS - vedtak:

"Formannskapet tek rådmannen sin orientering om økonomiplanen for 2017 – 2020 til orientering."

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ingvild Hjelmtveit	FA - Q10, FE - 610, TI - &46	16/1385

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
61/2016	Formannskapet	PS	01.06.2016

Kommunal tiltakspakke

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Regjeringa gjer i samband med revidert Statsbudsjett for 2016 framlegg om eit eingangstilskot på til saman kr 250 mill kroner for 2016 til vedlikehald og rehabilitering av vegar, bygg og anlegg som kommunen eig.

Siktemålet er å auke aktiviteten på Sørlandet og Vestlandet som særleg er ramma av nedgang i petroleumsrelaterte næringar.

Tilskotet vert fordelt til kommunane utan søknad. Tilskotet skal brukast på tiltak som vert sett i verk i 2016, og som kjem i tillegg til allereie vedtekne tiltak i kommunen sitt budsjett for 2016.

Det vert lagt opp til ei enkel rapportering på bruken av midlane. Midlar som ikkje vert nytta i tråd med formålet må betalast attende.

Det er kommunar med arbeidsløyse i april på over 3,1 som får del i desse midlane. Meland kommune får kr 963 000,-

Vurdering

Det er mange aktuelle tiltak å bruke desse midlane på. Rådmann meiner det er rett å bruke midlane på prosjekt der vi har registrert behov for vedlikehald eller rehabilitering, men som ikkje har vorte prioritert til no, grunna tronge rammer. Vi har god dokumentasjon på vedlikehaldsbehovet gjennom arbeid med vedlikehaldsplan.

Folkehelse
Miljø
Økonomi

Konklusjon

Rådmann vil utarbeide ei liste med aktuelle tiltak til formannskapsmøte 1. juni. Lista vil ta utgangspunkt i kjente vedlikehaldsbehov det til no ikkje har vore økonomisk ramme til å ta tak i. Formannskapet vert inviterte til å gi innspel på aktuelle prosjekt ut frå lista vi legg fram.

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding. Tiltak vert drøfta i formannskapsmøte.

Formannskapet - 61/2016

FS - behandling:

Notat frå sektorsjef teknisk vart delt ut i møtet.

Framlegg til vedtak:

"Formannskapet sluttar seg til framlegg til tiltak i prioritert rekkefølge:

1. Maling av Lerketunet og omsorgsbustadene (Tiltaket står i vedlikehaldsplanen men ikkje prioritert der). Erfaringsmessig inneber dette ein kostnad på kr 170 000,- for tomannsbustad. Anbod for eit større tal bygningar vil kunne redusere kostnaden.
2. Skifte taket på kyrkjestova, grovt rekna til kr 190 000,-. Eventuell etterisolasjon eller skifting av taksperer er ikkje medrekna. Tette taket (supplere med takstein) står i vedlikehaldsplanen, pga hol og lekkasjar, men det er avdekka mykje meir omfattande arbeid pga råteskader.
3. Ventilasjonsanlegg svømmehall Rosslund. Står ikkje i vedlikehaldsplanen, då mindre innvendige utbetringar og reparasjonar er meint å gjere situasjonen tilfredsstillande. Grovt kostnadsrekna til kr 850 000,- for ein del år sidan.
4. Skifte gamle vindauge i rådhuset bygg A (trekkfulle vindauge, medfører energitap og er problematiske i høve solskjerming) (Tiltaket står i vedlikehaldsplanen men ikkje prioritert der)
5. Reparere fortauskantar og legge nytt dekke Havnevegen."

Dette framlegget vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

"Formannskapet sluttar seg til framlegg til tiltak i prioritert rekkefølge:

1. Maling av Lerketunet og omsorgsbustadene (Tiltaket står i vedlikehaldsplanen men ikkje prioritert der). Erfaringsmessig inneber dette ein kostnad på kr 170 000,- for tomannsbustad. Anbod for eit større tal bygningar vil kunne redusere kostnaden.
2. Skifte taket på kyrkjestova, grovt rekna til kr 190 000,-. Eventuell etterisolasjon eller skifting av taksperer er ikkje medrekna. Tette taket (supplere med takstein) står i vedlikehaldsplanen, pga hol og lekkasjar, men det er avdekka mykje meir omfattande arbeid pga råteskader.
3. Ventilasjonsanlegg svømmehall Rosslund. Står ikkje i vedlikehaldsplanen, då mindre innvendige utbetringar og reparasjonar er meint å gjere situasjonen tilfredsstillande. Grovt kostnadsrekna til kr 850 000,- for ein del år sidan.

4. Skifte gamle vindauge i rådhuset bygg A (trekkfulle vindauge, medfører energitap og er problematiske i høve solskjerming) (Tiltaket står i vedlikeholdsplanen men ikkje prioritert der)
5. Reparere fortauskantar og legge nytt dekke Havnevegen.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ingvild Hjelmtveit	FA - N02	16/804

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
62/2016	Formannskapet	PS	01.06.2016

Trafikkplan for Nordhordland - drøftingsak

Vedlegg:

Trafikkplan Nordhordland - dialog med kommunane

Trafikkplan Nordhordland - dialog med kommunane

Saksopplysningar:

Bakgrunn

skyss har i brev av 14. mars 2016 invitert til dialog med kommunen om trafikkplan for Nordhordland. Som del av førebuinga til nytt busstibod i Nordhordland frå august 2018 vil det bli utarbeidd ein trafikkplan for kollektivtrafikken i anbodsområdet.

Vurdering

Trafikkplanen legg til grunn at rutene må løysast innanfor dagens rammer. Det betyr at det ikkje vert auke i tilbodet, men at det kan gjerast omprioriteringar innanfor gitte rammer.

Dei spørsmåla Skyss ynskjer tilbakemelding på frå kommunen er mellom anna:

Kva er dei viktigaste reiserelasjonane for innbyggjarane?

Er det strekningar eller område som bør prioriterast framfor andre?

I kva geografisk område ser komunen for seg endra behov?

Er det etablert eller planar om nye bustadområder eller verksemd som gir grunnlag for auke i tilbodet?

Kvar ser ein at få brukar tilbodet som er i dag?

Er det område der kommune ser at trafikkgrunnlaget har gått ned/er lågt?

Kva kundegruppe ynskjer kommunen å prioritere?

T.d tilbod på dagtid for eldre eller kvelstid for unge? Pendlarar?

Kva planar har kommunen for skulestrukturen?

Samanslåing, nedlegging, nye skular eller anna relevant informasjon.

Folkehelse
Miljø
Økonomi

Konklusjon

Innspela frå kommune vil utgjere ein viktig del av den samla vurderinga av korleis kollektivtilbodet skal innrettast, vi bør difor gje ei tilbakemelding. Vi er diverre lit seine då tilbakemeldinga skulle vore gitt innan 1. mai. Vi vonar likevel Skyss vil vere lydhøyre for innspela frå Meland.

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til drøfting i formannskapet.

Formannskapet - 62/2016

FS - behandling:

Formannskapet kom med følgjande innspel til trafikkplan for Nordhordland:

Kveldsruter i distriktet
Båtrute i helgane
Elevar frå Austebygd som går på Meland ungdomsskule kjem tidleg til Frekhaug
Natt-bussruter i distriktet
Fleire direktebussar frå Flatøy
Frekhaug-Knarvik-Frekhaug - manglande korrespondanse
Buss til Frekhaug-kaien som korresponderer med båt
Større fokus på pendlarar
Seinare avgang båtrute torsdag frå Bergen
Samkøyre båttilbodet med båttilbodet til Askøy
Ekspressbuss ventar på rutebuss på Flatøy/Knarvik

FS - vedtak:

"Innspela frå formannskapet vert teke med til møte 6. juni."